

Slik kan det også seiast – kva er ambisjonen til våre naboar i Sunnfjord ? Betyr det noko for oss ?

Mål for samanslåinga

Vi er samde om at hovudmålet med samanslåinga er å:

- *Skipe ein vekstkraftig og attraktiv ny kommune som sikrar gode teneste med høg kvalitet for innbyggjarane.*
- *Vere ei drivkraft som utviklar eit nytt, sterkt vekstområde mellom Bergen og Ålesund.*

Delmåla er å:

- *Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle deler av kommunen.*
- *Sikre kommunale tenester med høg kvalitet der folk bur.*
- *Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering.*
- *Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon.*

Kva er konsekvensen av å

Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon ?

- Skilje mellom strategiske og operative oppgåver (=tenesteproduksjon eller tenester)
- Sikre at det er handlingsrom for å nå potensialet i utgreiinga frå Telemarksforsking – 150 – 200 mill over 20 år ?
- Då må ikkje alle detaljar bindast opp. Må vere rom for endring og omstilling.
- Unngå å låse administrative stillingar fast til eit tal.
- Dersom alle kommunane har som mål å auke talet på kommunalt administrativt tilsette, heng ikkje dette saman.
- Her må vi sjå på kva som er måla våre med ei kommunesamanslåing. Tenestene er det sentrale.

Sunnfjord:

Også for dei andre kommunane som går inn i ein ny kommune, skal målet vere at dei tidlegare kommunesentra skal stimulerast gjennom å vere lokale knutepunkt ved bruk av servicetorg, desentraliserte rådhusfunksjonar og plassering av publikumsretta tenester som det er naturleg ligg desentralt.

Nye oppgåver som kan overførast og som storkommunen må arbeide for – Utfordring -

Vi er samde om å hente nye oppgåver frå sentral og regional stat og frå fylkeskommunen.

Det er få oppgåver som er klarerte i oppgåvemeldinga frå regjeringa og dette er derfor eit emne som den nye storkommunen vil følgje opp.

Fleire av oppgåvene frå regjeringa er førebels så små at det bør vurderast nøye om ein vil ta over desse som kommunalt ansvar.

Førebels har vi festa oss ved desse områda:

- *Barnevernet bør reformerast, der ein slår saman det statlege og kommunale barnevernet.*
- *Tannhelsa bør bli kommunal.*

- *Næringsarbeidet bør overførast frå fylkeskommunen.*
- *Ein større del av ansvaret knytt til areal- og miljøforvaltninga bør flyttast frå både dei regionale nivåa.*
- *Skuleskyssen bør flyttast frå fylkeskommunen.*
- *Fleire tilskots- og finansieringsordningar i både dei regionale nivåa bør kome under kommunal styring.*
- *Fleire oppgåver innan miljø og klima.*
- *Ein større del av ansvaret knytt til NAV.*
- *Etablering og samling av statlege kompetansemiljø.*
- *Overføre sivile politioppgåver.*

Politikk eller administrasjon ?

- I prinsippet er det eit rådmannsansvar å utforme den underliggende organisasjonen etter at dei folkevalde har vedteke den overordna tenestestrukturen.
- Viktige prinsipp i utkastet til no er vekstkraft, utvikling, urbanitet, ta nye oppgåver, tilgang til nærtjenester og harmonisering av tenester.
- Intensjonsavtalen må difor avgrense seg til å beskrive inngangssituasjonen når det gjeld kva som skal ligge desentralt.
- Korleis skal de måle den nye rådmannen på resultat dersom han/ho ikkje får tilstrekkeleg handlingsrom ?

Prinsipp for lokalisering og døme på korleis dette kan gjerast

- Basere på noverande situasjon, kva kommune har historiske tradisjonar og gode resultat og føresetnader ?
- Unngå ei spreiding av aktivitet som verkar kostnadsdrivande.
- Bygge opp spesialkompetanse (vanskeleg å rekruttere) på **ein** stad og i eit miljø som har spesielle føresetnader for å utvikle den vidare.
- Kommunar som «konkurrerer» om dei same tenestene, finn ut av det med kvarandre no. Ikkje utsetje dette til «seinare».
- Vurdera fordeling av ikkje stadbundne tenester utifrå
 - grensesnitt mot andre offentlege funksjonar
 - plassering av eksisterande interkommunalt samarbeid

- Rådmennene har laga ein tabell som viser eit **døme** på tenester og lokalisering.

MEN:

- LMS er ein test på om nokre kommunar legg opp til ei dublering av tenester eller om desse kan stadlokaliserasast for å oppnå meir enn $1+1=2$.
- Alle kommunar kan bruke argumentet om at KAD-sengene skal vere ei nærtjeneste men dette utviklar ikkje sjukehuset i Lærdal dersom dette er viktig for aktivitet, tryggleik og arbeidsplassar i regionen samla.
- Til dømes kan tildeling av tenester og tiltak som ligg til eit tenestekontor / tildelingskontor, vere ei administrativ oppgåve som femner om alle typar tenester kommunen har plikt til å yte og denne kan plasserasast andre stader enn der LMS er lokalisert.

Døme på funksjonsfordeling

Balestrand	Leikanger	Lærdal	Sogndal	Vik	Årdal
Utmarksforvaltning/ skog	Skatt	Helse/omsorgs- administrasjon	Kommunesenter	Hovudkontor kraft	Datasenterdrift Helpdeskfunksjon IKT-utvikling
Kunst/kultur også som næring	Økonomi/lønn	Landbruk/utmark	Næringsarbeid	Landbruk/skog	Næringsarbeid
	Datasenterdrift	Næringsarbeid		IKT	Økonomi/ rekneskap/ lønn
		Kraft		Planarbeid og byggesak	Vann, avløp, renovasjon/ tekniske tenester